



# Aukra kommune

## Planomtale

for

## Reguleringsplan Nautneset vest

### Detaljregulering




Arkivsak	2014/1105
PlanID	1547201407
Dato/revisjonar	30.09.2014/18.03.2015
Vedtak	
Forslag ved	<input type="checkbox"/> Offentlig ettersyn, <i>dato</i>
	<input type="checkbox"/> Sluttbehandling, <i>dato</i>



## Innhold

<b>1 Bakgrunn</b>	4
1.1 Innleiing	4
1.2 Føremålet med planarbeidet	4
1.3 Om forslagsstillar	4
<b>2 Tilhøvet til andre planar</b>	4
2.1 Kommuneplan, kommunedelplan	4
2.2 Reguleringsplanar	6
2.3 Andre planar av betydning for planarbeidet	7
<b>3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve</b>	7
3.1 Beliggenheit	7
3.2 Planområdets avgrensing og storleik	8
3.3 Topografi	8
3.4 Dagens arealbruk, tilstøytande arealbruk	8
3.5 Kulturminne	9
3.6 Naturverdiar etter NML	9
3.7 Vegetasjon	10
3.8 Trafikktilhøve	11
3.9 Kollektivtrafikk	11
3.10 Grunntilhøve	11
<b>4 Omtale av planforslaget</b>	11
4.1 Planlagt arealbruk	11
4.2 Reguleringsføre mål	12
4.3 Finansiering, nødvendig grunnverv	13
<b>5 Konsekvensar av planforslaget</b>	13
5.1 Konsekvensutgreiing	13
5.2 Overordna planer	13
5.3 Eksisterande busetnad	13
5.4 Naturverdiar etter Naturmangfaldlova (NML)	14
5.5 Vegetasjon	14
5.6 Kulturminne	15
5.7 Barn- og unge sine interesser	15
5.8 Universell utforming	15





5.9 Støy .....	15
5.10 Teknisk infrastruktur.....	15
5.11 Risiko og Sårbarheit (ROS).....	16
<b>6 Planprosessen .....</b>	<b>16</b>
6.1 Melding om oppstart.....	16
6.2 Innkomne merknader etter melding om oppstart med kommentar.....	16
6.3 Planprosessen.....	20
<b>Vedlegg 1 - Forenkla ROS-analyse (avkryssingsskjema).....</b>	<b>21</b>





## 1 Bakgrunn

### 1.1 Innleiing

Det er tidlegare meldt oppstart for planarbeid på Nautneset (Reguleringsplan for ny plassering av Aukra overnatting), fyrst 23.04.2013, og deretter 23.08.2014. Hensikta med dette planarbeidet var å finne ein permanent lokalitet for Aukra overnatting, og samstundes frigjere tidlegare tomteareal til nye industriføremål. På bakgrunn av dei innkomne merknadane og møter med Aukra overnatting, valde ein å ikkje gå vidare med dette planforslaget, og heller melde ny oppstart ved eit seinare høve.

17.09.2014 blei det meldt oppstart for reguleringsplan Nautneset vest, med eit noko utvida planområde der også tidlegare meldt oppstart inngikk i planområdet. Hensikta var å etablere Aukra overnatting på eksisterande område på Nautneset, leggje til rette for framtidig utviding mot vest, samt utgreie ny vegtilkomst til industriområdet. Det er dette planforslaget som no ligg føre.

I perioda før ny oppstart hadde Aukra kommune fleire møte med Aukra overnatting, mellom anna for å diskutere alternative plasseringar på Gossen. Etter ei vurdering av negative og positive konsekvensar, kom ein til at noverande plassering på Nautneset er den mest hensiktsmessige.

### 1.2 Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å etablere Aukra overnatting på eksisterande område, og samstundes leggje til rette for framtidig utviding mot vest. I tillegg skal nye vegtilkomstar til industriområdet på Nautneset utgreiast.


### 1.3 Om forslagsstillar

Aukra kommune ved plan- og utviklingsavdelinga er forslagsstillar og ansvarleg for utarbeiding av reguleringsplanen.

## 2 Tilhøvet til andre planar

### 2.1 Kommuneplan, kommunedelplan

I gjeldande kommuneplan, arealdelen (vedteken 21.06.2006) er planområdet avsett til framtidig industri, landbruks- natur og friluftsføremål (LNF) og fritidsbusetnad (naust), jfr. figur 1 nedanfor. Kommuneplanens arealdel er under rullering og arealføremåla vil verte vidareført.






Aukra – full av energi

Figur 1: utsnitt av gjeldande kommuneplan, arealdelen

I gjeldande kommunedelplan for Nautneset-Falkhytten-Hukkelberg (vedteken 03.04.2008) er planområdet avsett til framtidig industri, landbruks- natur og friluftsføremål (LNF), fritidsbusetnad (naust) og framtidig veg, jfr. figur 2 nedanfor. Den framtidige vegen er teken omsyn til, og er vidareført i planforslaget.





Aukra – full av energi

Figur 2: Utsnitt av kommunedelplan for Nautneset-Falkhytten-Hukkelberg


## 2.2 Reguleringsplanar

Delar av planområdet inngår i eksisterande reguleringsplan for deler av Nautneset som ligg lengst aust i planområdet, jfr. figur 3. Det nye planforslaget vil erstatte dei delane av eksisterande reguleringsplan som ligg innanfor planavgrensinga.

Namn på plan	Vedtaksdato	Planid
Reguleringsplan for deler av Nautneset	22.04.1975	1547197501







Aukra – full av energi

Figur 3: Gjeldande plansituasjon i området

### 2.3 Andre planar av betydning for planarbeidet

Det er ingen andre planar i området som har betydning for planarbeidet

## 3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve

### 3.1 Beliggenheit

Planområdet ligg på Nautneset, aust på Gossen (jfr. figur 4 nedanfor).





Aukra – full av energi

Figur 4: Planområdet er markert med raud sirkel

### 3.2 Planområdets avgrensing og storleik

Planavgrensinga følgjer eigedomsgrensene til gbn 13/8 og 13/39 i vest, gbn 13/8, 13/9 og 13/39 i sør, 13/15, 13/38 og 13/181 i øst, og grensar til sjøen i nord. Storleiken på planområdet er om lag 105,7 daa.

### 3.3 Topografi

Dei sørlege og sentrale delane av planområdet er relativt flate, medan dei nordlegaste delane har eit markert fall mot sjøen i nord-vest.

### 3.4 Dagens arealbruk, tilstøytande arealbruk

Aukra overnatting (industrihotell med om lag 180 overnattingsplassar fordelt på 4 bygg) er etablert på dei nord-austlegaste delane av planområdet (gbn 13/284), her ligg det og eit eksisterande naust.

Sør i planområdet ligg det fem registrerte freda kulturminne. Eksisterande tilkomstveg til Nautneset industriområde følgjer planavgrensinga.








Planområdet grenser i aust, sør og vest til eksisterande bustader og landbruksområder.

### 3.5 Kulturminne

Det har vore gjennomført arkeologiske registreringar, og det blei påvist fem automatisk freda kulturminne, jfr. tabell og kartutsnitt under (opplysningane er henta frå Riksantikvaren si teneste Askeladden).

Lokalitet	ID	Art	Status
Nautneset	136961	Bosetnings/aktivitetsområde	Automatisk freda
Lok 1	136904	Bosetnings/aktivitetsområde	Automatisk freda
Lok 2	136951	Bosetnings/aktivitetsområde	Automatisk freda
Lok 3	136956	Bosetnings/aktivitetsområde	Automatisk freda
Lok 4	136954	Bosetnings/aktivitetsområde	Automatisk freda




Figur 5: Kartutsnitt som viser dei freda kulturminna som er registrerte innanfor planområdet

### 3.6 Naturverdiar etter NML

Naturbase og artsdatabanken er nytta for å sjekke om planområdet inneheld naturverdiar etter naturmangfoldlova, resultatane er vist nedanfor:

Naturtyper

Områdenamn	ID	Naturtype	Verdi
Nerbø: Nerbøvågen	BN00000165	Strandeng og strandsump	Viktig




Figur 6: Kartutsnitt som viser den registrerte naturtypen «strandeng og strandsump»

Artsforekomstar

Art	Funksjon	Verdi
Gråhegre	Beiteområde	Lokalt viktig
Ærfugl	Yngleområde	Lokalt viktig
Tjeld	Yngleområde	Lokalt viktig
Vipe	Rasteområde	Lokalt viktig
Rødstilk	Rasteområde	Lokalt viktig
Svartbak	yngleområde	Lokalt viktig

3.7 Vegetasjon

Store delar av planområdet er myrlendt. Tresjiktet består av både løvtré (hovudsaklig bjørk og selje) og bartre (hovudsaklig furu). Busksjiktet består hovudsaklig av lyng og einer, medan botnvegetasjonen består av ulike artar





starr, gras og mose. I strandsona og på litt djupare vatn er det gjort observasjonar av småhavgras og ålegras.

### 3.8 Trafikktilhøve

NVDB er nytta for å finne informasjon om trafikktilhøve.

Tilkomsten til planområdet og eksisterande industriområde på Nautneset skjer over kommunal veg (Nautnesvegen). Vegen har fartsgrense på 50 km/t. Det føreligg ikkje trafikkmålingar for kommunale veger, og trafikkmengde (ÅDT) er derfor ikkje registrert i offisiell statistikk.

I samband med at Fylkesmannen i Møre og Romsdal har stilt krav om støyvurdering, har kommunen nytta ekstern konsulent (Vianova) til å foreta trafikkberekingar. For strekninga som passerer planområdet vart ÅDT estimert til om lag 300 (herav 35-40 tunge køyretøy).

### 3.9 Kollektivtrafikk

Det er ikkje etablert bussforbindelse området, og nærmaste busstopp ligg langs fylkesveg 220 om lag ein kilometer vest for planområdet.

Når det gjeld skuleborn i området og eventuell rett til skuleskyss, gjeld følgjande etter «Retningsliner for skoleskyss i Aukra kommune»: Elevar på 1. årstrinn skal ha skyss når vegen er over 2 km. Elevar frå og med 2. årstrinn til 10. årstrinn skal ha skyss når vegen er over 4 km. Dei fleste borna innanfor planområdet bur mindre enn 2 km frå skulen og har dermed ikkje rett til skuleskyss.

### 3.10 Grunntilhøve

Lausmassekart frå NGU viser at planområdet består av «Tykk strandavsetning» samt «Torv og myr»

Berggrunnskart viser at planområdet består av «Gneis, vanlig åregneis (migmettisk gneis)»

## **4 Omtale av planforslaget**

### 4.1 Planlagt arealbruk

Planlagt arealbruk er utviding av eksisterande industriområde mot vest, ny veg, utbetring av eksisterande veg, friområde, bandlegging etter Naturmangfaldlova, samt vern av kulturminner og kulturmiljø.





Aukra overnatting har i dag ein overnattingskapasitet på 180 personar fordelt på 4 bygg (tre bueinheiter og eit kantinebygg). For ei periode vil overnattingskapasiteten kunne aukast til om lag det doble om naudsynt (4 nye brakkeriggjar, kvar med ein kapasitet på 44 personar, noko som gir 176 overnattingsplassar). Deretter vil kapasiteten reduserast igjen. Då vil det være dei vestlegaste riggane som står igjen, medan dei austlege vert fjerna. På sikt vil dei riggane som eksisterer i dag bli fjerna heilt, og den delen av området kan frigjerast for annan etablering

#### 4.2 Reguleringsføremål

##### **Bygningar og anlegg**

Næring/tenesteyting

##### **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

Køyreveg og avkøyrslar

##### **Grøntstruktur**

Friområde

##### **Landbruk-, natur og friluftsføremål**

Vern av kulturminner og kulturmiljø

##### **Bruk og vern av sjø og vassdrag**

Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

##### **Omsynssoner**

Frisiktsone.

##### *Næring/tenesteyting :*

Føremålet omfattar eksisterande og framtidig areal knytt til Aukra overnatting sitt anlegg.


##### *Køyreveg og avkøyrslar:*

Føremålet omfattar eksisterande veg, forslag til utbetring av eksisterande veg, samt forslag til ny veg frå Nautneset og vestover mot Bakkemyra.

##### *Friområde:*

Føremålet omfattar eit offentleg friområde. Det kan anleggjast ein tursti og andre tiltak som fremjer friluftsliv og rekreasjon (benker/benkebord eller liknande).

##### *Vern av kulturminner og kulturmiljø:*







Føremålet skal sikre vern av dei fem automatisk freda kulturminna innanfor planområdet.

*Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner:*

*Innanfor dette området er det registrert ein viktig naturtype i form av «strandeng og strandsump», og det er gjort fleire artsobservasjonar verdisett som lokalt viktige. Området skal haldast i hevd slik det ligg i dag utan nokon form for inngrep som kan truget dei registrerte naturverdiane.*

#### 4.3 Finansiering, nødvendig grunnerverv

Dersom det vert nødvendig med grunnerverv vert dette gjennomført etter at reguleringsplanen er vedteken. Ansvarleg i kommunen foretek befarings på kvar eigedom saman med grunneigar for å kartleggje tilhøva. Dersom ein kjem til semje vert kjøpekontrakt eller arbeidstillatelse underskriven. Deretter vert erstatning utbetalt og anleggsarbeidet kan starte. Viss ikkje partane vert samde går saka vidare til ekspropriasjonsvedtak.

## 5 Konsekvensar av planforslaget

### 5.1 Konsekvensutgreiing

Planforslaget legg opp til å utvide eksisterande areal for Aukra overnatting mot vest for å sikre framtidig utvikling, og i tillegg vert det teikna inn forslag til ny veg for å betre tilkomsten til anlegget og det øvre industriarealet på Nautneset. I gjeldande kommuneplan, arealdelen (vedteken 21.06.2006) er dette området vist som LNF.

Dei nye tiltaka som er føreslege innanfor planområdet er ikkje vurdert til å vere av eit slikt omfang at det vert løyst ut krav om konsekvensutgreiing, jfr. plan- og bygningslova § 4-2 andre ledd, og forskrift om konsekvensutredningar §§ 2 til 5


### 5.2 Overordna planer

I planforslaget vert det eksisterande industriområdet utvida mot vest og inn på eit område som i gjeldande kommuneplan sin arealdel er avsett til LNF.

Planforslaget er derfor ikkje i samsvar med overordna plan på dette punktet.

### 5.3 Eksisterande busetnad

Naboar til Aukra overnatting har tidlegare uttrykt misnøye med dagens plassering, og har ynskja at ein vurderte alternative plassar på Gossen, mellom anna i sentrum. Etter ei vurdering av negative og positive konsekvensar, kom ein





til at noverande plassering på Nautneset er den mest føremålstenlege. Dei positive og negative konsekvensane som det vert vist til kjem fram i eit vedlagt referat frå eit møte mellom Aukra kommune og Aukra overnatting 05.09.2014.

Planforslaget legg til rette for at Aukra overnatting skal få utvide eksisterande planområde mot vest, og bruke delar av eksisterande område sør-aust på anlegget til parkering. Dette medfører at anlegget vert trekt noko lenger vekk frå eksisterande busetnad.

Planforslaget legg til rette for at eksisterande tilkomst til Aukra overnatting og det øvrege industriområdet på Nautneset vert utbetra.

#### 5.4 Naturverdiar etter Naturmangfaldlova (NML)


Kunnskapskravet i § 8 er oppfylt ved at ein har nytta eksisterande og tilgjengeleg kunnskap om naturmangfaldet innanfor planområdet gjennom bruk av naturbase og artsdatabanken.

Det er registrert ein viktig naturtype lokalitet lengst nord i planområdet, og det er gjort fleire artsobservasjonar som er registrert som lokalt viktige, jfr. punkt 3.6. I planforslaget vert dette omådet regulert med føremålet «Bandlegging etter Naturmangfaldlova» og skal holdast i hevd slik området ligg i dag utan nokon form for inngrep. Kommunen vurderer derfor at planforslaget ikkje inneber konsekvensar for naturmangfaldet slik at ein treng å setje avgrensingar for det vidare planarbeidet, eller at tiltakshavar vert pålagt å dekkje kostnadane, jfr. §§ 9 og 11.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal påverknad på eit økosystem vurderast utifrå den samla belastninga økosystemet er eller vil bli utsett for. Basert på opplysningane over kan ikkje kommunen sjå at dette er ei realistisk problemstilling. Det same gjeld § 12.

#### 5.5 Vegetasjon

I strandsona og på litt djupare vatn er det gjort observasjonar av småhavgras og ålegras, jfr. punkt 3.7. Dette området vert regulert med føremålet «Bandlegging etter Naturmangfaldlova» og skal holdast i hevd slik området ligg i dag utan nokon form for inngrep. Den øvrege vegetasjonen innanfor planområdet er så vanleg at det ikkje vil medføre negative konsekvensar å fjerne denne i samband med nye tiltak i området.





### 5.6 Kulturminne

Planforslaget medfører ikkje negative konsekvensar for dei eksisterande kulturminna innanfor planområdet.

Dei fem automatisk freda kulturminna som det vert vist til under punkt 3.5 er tenkt sikra gjennom bruk av føremålet «Vern av kulturminner og kulturmiljø».

### 5.7 Barn- og unge sine interesser

Store delar av planområdet er i dag nytta til industriføremål og berører derfor barn- og unge sine interesser i svært liten grad. Områda rundt industriføremålet består for det meste av myr og middels høg vegetasjon, og er ikkje eigna som leikeområde. Barn- og unge sine interesser er likevel teke i vare gjennom at ein omregulerer Nautnesvegen til kombinert gang- og sykkelveg, og tilkomstveg for bebuarane i dette området.

### 5.8 Universell utforming

Dei eksisterande bygningane er ikkje utforma etter krava om universell utforming. For nye tiltak innanfor planområdet kan kommunen stille krav om at utbyggjar så langt det let seg gjere oppfyller krava til universell utforming.

### 5.9 Støy

For utandørs støynivå skal prinsipp og støygrenser i Miljøverndepartementet sine retningsliner T-1442/2012, eller seinare vedtekne retningsliner som erstattar desse, leggjast til grunn. Støynivå innandørs skal tilfredsstillere krava i TEK10, eller seinare vedtekne forskrifter som erstattar desse.

Industriføremålet er eit industrihotell med om lag 180 overnattingsplassar og støy her er kjem i hovudsak frå personar i samband med utandørs aktivitet ved anlegget. Denne er ikkje konstant, men kan likevel opplevast som sjenerande for nærliggande naboar.

Dei viktigaste kjeldene til støy er trafikken frå den kommunale vegen som passerer anlegget, inkluderte tungtrafikk til og frå industriområdet på Nautneset.

### 5.10 Teknisk infrastruktur

Leidningsnett knytt til vann- og avløp fylgjer den kommunale vegen som går gjennom planområdet i sør og aust, og vidare inn på eksisterande anlegg. Det vil ikkje verte foreteke arbeid på va-nettet i samband med reguleringa, og eksisterande anlegg er tilstrekkelig dimensjonert med tanke på framtidig utviding mot vest.





Det går ei høgspenline gjennom planområdet i nord/nordvest, denne er forutsett lagt i bakken ved ei framtidig utviding av Aukra overnatting mot vest.

### 5.11 Risiko og Sårbarheit (ROS)

Det er gjennomført ei vurdering av risiko- og sårbarheit. Det blir her vist til utfylt sjekklister frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jfr. vedlegg.

## 6 Planprosessen

### 6.1 Melding om oppstart

Det blei varsla oppstart av planarbeidet 17.09.2014. Frist for innspel vart sett til 20.10.2014, og det kom inn totalt 7 merknader, nedanfor er desse kort refererte og kommenterte:

### 6.2 Innkomne merknader etter melding om oppstart med kommentar

#### **1) Merknad frå Statens vegvesen Region Midt, datert 25.09.2014**

Statens vegvesen har ingen merknader til planlagt arealbruk, da føremålet med planen i store trekk er i tråd med overordna plan, og adkomst skjer over det kommunale vegnettet.

#### Kommentar:

*Merknaden er tatt til vitande.*

#### **2) Merknad frå Istad Nett AS, datert 30.09.2014**

Istad Nett har ikkje merknader til planforslaget, men ønsker å opplyse om sitt nett i området.


#### Merknad:

*Merknaden er tatt til vitande.*

#### **3) Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 15.10.2014**

Fylkesmannen minner om at ein etter Naturmangfoldlova § 7 skal leggje prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må derfor gå klart fram av planomtalen korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka.

Støytilhøva må avklarast i høve Miljøverndepartementets «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442».







Det må gjennomførast ei Risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Ein kan her nytte Fylkesmannen si «Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga».

Kommentar:

*Merknadane er tekne til vitande. Planomtalen punkt 3.6 og 5.4 inneheld ei vurdering av naturverdiar etter §§ 8-12 i Naturmangfoldlova.*

*Det er bestilt støyvurdering frå ekstern konsulent med kompetanse innanfor dette feltet.*

*Det er gjennomført ei vurdering av risiko- og sårbarheit, det blir her vist til utfylt sjekkliste frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som ligg ved saka.*

**4) Merknad frå Nabo Anita Nautnes, datert 16.10.2014**

Nautnes er sterkt ueinig i at Aukra overnatting vert permanent etablert på eksisterande område på Nautneset, og viser til ein gjennomført underskriftskampanje som støttar hennar synspunkt.

Når det gjeld ei permanent plassering av Aukra overnatting meiner ho at kommunen må vurdere betre eigna, ubygde område i kommunen.

Dersom kommunen likevel går vidare med planane om å etablere Aukra overnatting på eksisterande område ønsker ho at Aukra kommune løyser inn eigedomen hennar.

Kommentar:

*Kommunen merkar seg underskriftskampanjen.*

*Anna lokalisering er vurdert i fleire møte og i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Eigna areal som kan samhandle med kjøkkenfunksjonen til Aukra hotell og forretningsdrifta elles til Aukra Overnatting er ikkje funne. Planen til Aukra Overnatting er å flytte riggområdet mot vest i same høgdenivå som i dag. Då blir det større avstand til Nautnes sin eigedom. Like eins føreset planen at vegen til Nautneset blir lagd om på ein måte som fjerner gjennomgangstrafikken frå hennar eigedom. Rådmannen finn elles at det også må leggjast vekt på kvar bedrifta har ønske om etablering.*

*Ein registrerer kravet om innløyasing av eigedomen. Dette er noko ein først kan taka stilling til etter at reguleringsplanen er godkjent.*





## 5) Merknad frå nabo Geir Varhaugvik

Varhaugvik meiner det er uheldig at dette planforslaget kjem opp til vurdering og handsaming før revidering av kommuneplanen sin arealdel er ferdigstilt. I staden bør ein avvente slik at ein gjennom kommuneplanen kan sjå dette i ein heilskapleg samanheng i høve miljø og framtidig utvikling i området.

På tross av at tiltaket gjennom fleire planprosessar (reguleringsplanar og kommunedelplan) politisk har blitt vedteke ikkje å skulle være lokalisert i dette området, har det no stått plassert her må gjentekne mellombelse dispensasjonar sidan etableringa i 2001. Kommunen sin administrasjon har gjentekne gongar blitt bedt om å finne alternativ plassering, men har ikkje greidd dette.

Nærområdet til tenkt plassering har potensiale for å utvikle sentrum vidare ned til sjøen i tråd med signal i gjeldande kommunedelplan. Dette kan bli eit attraktivt område for etablering av bustader som kan føre til auka bulyst på øya. Permanent plassering av brakkerigg vil ha negative følgjer for slik etablering, då det truleg vil være mindre interesse av å byggje og busette seg i dette området.

For bumiljøet på Nautneset er permanent plassering av brakkerigg uheldig, spesielt for borna, men også for oss vaksne som bur her. Dette vart støtta av ein underskriftskampanje som blei levert til Aukra kommune i 2013.

Argumenta for plassering av Aukra overnatting sin brakkerigg på Nautneset er ikkje tungtvegande nok i høve dei negative konsekvensane det har for bebruarane i dette området.

### Kommentar:

*Det blir vist til kommentaren ovanfor.*

*Det går fram av merknaden at ein er uroa for naboskapet med anleggshotellet / brakkeriggen. Etter utsagn frå Aukra overnatting er det svært strenge ordnsreglar knytt til opphald. Personar som ikkje innordnar seg etter dette blir viste bort. At det bur folk i eit sentrumsområde permanent eller for kortare eller lengre periodar er nok noko ein må rekne som naturleg og noko ein må kunne akseptere. Både forskyving av riggområdet og ny vegtilkomst vil endre tilhøva – og truleg til noko alle kan leve med.*



## 6) Merknad frå nabo Kjell Bjarne Nautnes, datert 19.10.2014

Nautnes synest det er merkelig at Aukra overnatting blir foreslege permanent lokalisert på noverande område, med tanke på at kommunen tidlegare ønska å nytte dette området til nye industriføremål. Han meiner at det førre planforslaget (tidlegare meldt oppstart av Aukra overnatting, datert 23.08.2014) var betre, sidan brakkeriggane der var foreslege flytta lengre vest, og at det var lagt opp til tilkomst frå hovudvegen. Då hadde trafikken vorte betydeleg redusert på Nautnesvegen.

Han viser til ein underskriftskampanje mot planane om å plassere Aukra overnatting på Nautneset.

Han ønsker at det vert regulert inn gangveg ned til Nautneset, og at veg frå Nautneset mot Bakkemyra bør ha prioritet nummer 1.

### Kommentar:

*Det blir vist til dei to ovanstående kommentarane.*

*Ønsket i det siste avsnittet i merknaden ovanfor er innarbeidd i planforslaget.*

## 7) Merknad frå Møre og Romsdal Fylkeskommune datert 21.10.2014

Fylkeskommunen støttar løysinga kommunen har føreslege med at dei fem automatisk freda kulturminna innanfor planområde vert verna gjennom bruk av reguleringsføremålet «LNFR» og underføremål «Vern av kulturminne og kulturmiljø». Alternativt kan ein legge på omsynssone D (sosi-kode H730) og C (sosi-kode H570). Arealføremål eller omsynssoner må få tilhøyrande tekst i reguleringsføresegnene, og fylgjande ordlyd vert føreslege:

«Området inneheld automatisk freda steinalderlokalitetar som ligg skjult under markoverflaten. Den naturlige vegetasjonen skal takast vare på og haldast i hevd slik området ligg i dag. Det er ikkje høve til å sette i gong med graving eller andre tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei freda kulturminna og deira verneområde, eller framkalle fare for at det kan skje. Eventuelle tiltak må godkjennast av rette antikvariske mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune.»

Fylkeskommunen ber vidare om at det ved offentleg ettersyn blir gjort greie for kapasitet og behov knytt til overnattingsverksemd i området. Dette for å





synleggjere kva som vil vere eit fornuftig og tilstrekkeleg omfang av utvidingsareal, som vil kunne legge beslag på ein del areal i strandsona.

I tillegg må kommunen leggje til grunn statlege planretningslinjer, der vurderingar kring alternative plasseringar, samt det å trekke bygningar og vegliner lengst mogleg vekk frå sjøen er sentrale moment. Ein bør vurdere å *tilretteleggje strandsona med tursti.*

Kommentar:

*Merknadane er tekne til vitande. Kommunen har valt å nytte reguleringsføremålet «LNFR» med underføremål «Vern av kulturminne og kulturmiljø» for å sikre vern av dei automatisk freda kulturminna innanfor planområdet. Teksten som Fylkeskommunen føresleg i merknaden vert teken inn i reguleringsføresegnene.*

*Aukra overnatting har i dag ein overnattingskapasitet på 180 personar, fordelt på 4 bygg (tre bueinheiter og eit kantinebygg). I samband med økt aktivitet på Nyhamna, og generelt behov for overnatting knytt til industrien i kommunen, ønsker ein å utvide denne kapasiteten. Etter ei eventuell utviding vil kapasiteten auke til om lag det dobbelte (4 nye brakkeriggjar, kvar med ein kapasitet på 44, noko som gir 176 overnattingsplassar).*

*Nye tiltak i høve utvidinga vert flytta så langt ifrå strandsona som praktisk mogleg. Dei registrerte naturverdiane er tenkt sikra med omsynssone «Bandlegging etter Naturmangfaldlova», og skal holdast i hevd slik området ligg i dag utan nokon form for inngrep. Mellom bygningsmassa og omsynssona vert det regulert inn eit belte med føremålet «Friområde», innanfor dette området er det kun tillatt å opparbeide tursti .*

*Kommunen har i samband med planprosessen hatt fleire møter med representantar frå Aukra overnatting der hensikta mellom anna var å vurdere alternative plasseringar av anlegget, då spesielt knytt til sentrumsområda på Gossen. Etter ei vurdering av negative og positive konsekvensar kom ein til at noverande plassering på Nautneset er den mest hensiktsmessige. Behovet for tursti vil verte vurdert i det vidare planarbeidet.*

### 6.3 Planprosessen

Melding om oppstart	17.09.2014
DRA vedtek å legge reguleringsplanen ut til ettersyn	21.01.2014
Reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn	
DRA eigengodkjenner reguleringsplanen	
Kommunestyret eigengodkjenner reguleringsplanen	





Klagefrist etter endelig vedtak av reguleringsplanen

Aukra – full av energi

**Vedlegg 1 – Forenkla ROS-analyse (avkryssingsskjema)**

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	f	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	i	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>



	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy? <i>Eksisterande tilkomstveg er noko smal og svingete, ny vegføring foreslås i planforslag.</i>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Infrastruktur	a	Er det kjente ulykkespunkt på transportnettet i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det spesielle brannobjekt i området? <i>Aukra overnatting - 180 eksisterende overnattingsplasser og ytterlegare 200 ved ei eventuell utviding.</i>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
	c	Er det omsorgs- eller oppvekst institusjonar i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Anna (spesifiser)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Aukra - full av energi

Sjekklista er gjennomgått den 19/12 2014 av sign: Svein Rune Notøy

